

Årsmøte i Radøy sau og geit 2019

Årsmøtet vart halde den 29.01.2019 kl 20.00 på Hella Skulestove.

19 medlemmer møtte. Kåre Hole ønskte velkommen til møtet.

Birgitte Tvester frå Matilsynet Bergen og Omland var med oss denne kvelden og snakka om aktuelle saker . Mellom anna at det vart ei ny dyrehelseforskrift frå 1.juli 2018. Og der er det meir fokus på forebygging.Og meir ansvar lagt på næringa sjølv. Det vart etterlyst kor ein kunne få transportkurs av dyr til slakt. Svaret på det var at det kunne ein få hjå Animalia.

Heile foredraget til Birgitte vert lagt ut på Radøy sau og geit sine sider.

Etter maten var det tid for sjølve årsmøtet.

1. Kåre Hole vart valgt til møteleiar.
2. Innkalling og saksliste vart godkjend.
3. Erna Tunsberg Erstad vart valgt til skrivar.
4. Torill Valdernesnes og Elin Morken vart valgt til å skrive under møteboka ilag med møteleiaren Kåre Hole.
5. Årsmeldinga vart lest opp av Erna Tunsberg Erstad.

Vi benytta samstundes anledninga til å gje Kåre Hole ei påskjøning for den store innsatsen han hadde gjort for laget med medlemsverving. Det vart kommentert at det var ei bra årsmelding som viste at laget hadde hatt stor aktivitet det siste året.

6. Rekneskapen vart lest opp og gått igjennom av Edgar Grindheim .
- Edgar forklarte at på posten ullinnsamlig var utbetalinga frå Nortura ikkje kommen før 04.01.19.

Kontingentauken vart forklart med fleire medlemmer og at ein hadde fått utbetalt etterbetaling for desse frå Hsg for 2016 og 17.

Nedgang i inntekter kåring vart forklart med at kåringsavgift vart sendt ut seint pga at Edgar ikkje hadde mottatt den før , dermed hadde ikkje alle medlemmene fått betalt den før nyttår.

På utgifter kontingent var forklaringa at laget hadde forskuttert refusjon medlemskontingent til nye medlemmer.

På kåring var forklaringa på at den stod på 0 at laget ikkje hadde mottatt rekning frå Austrheim enda til tross for at Edgar hadde etterlyst denne.På posten møteutgifter var forklaringa at ein hadde hatt fleire møter i 2018 enn året før . Med svært godt oppmøte.

Det kom tilbakemelding på at Edgar hadde gode forklaringar på dei ulike postane. Rekneskapen vart så godkjend.

7. Handlingsplan . Forslaget frå styret vart lest opp av Kåre Hole.

Han sa også at han hadde gått igjennom gamle møtebøker frå tidlegare for å finne idear. Det er ikkje så lett å komme på nye ting.

Det kom innspel frå Elin Morken om at det er kjekt å ha med veterinær på møta og at det ikkje er nødvendig å komme på nye ting.Gunnar Kartveit kom med innspel om at det kunne vore kjekt med klyppekurs.Kristen Risnes kom med

innspel om at det trengs nye dommarar . Og at rekruttering av nye dommarar er ein viktig prioritet.

8. Innkomne saker/ Saker frå styret

Det var ingen innkomne saker . Styret hadde to saker .

1. Vi gjekk igjennom spørreundersøkelse frå Nsg til lokallaget der ein ønska innspill frå årsmøtet på kommunikasjon , prioritering av aktivitet i NSG, organisasjonsutvikling og tilfredshet. Dette skulle så Kåre Hole sende inn .
- 2 Kåre las opp brev frå Radøy sau og geit til NSG angående bråket under/ etter årsmøtet i NSG i Mars 2018 og manglande informasjon i forbindelse med dette. Det vert mykje unødvendig frustrasjon som følge av dette og i brevet vert det etterlyst at lokallaga må få full gjennomgang om kva som har skjedd i det leiaren i NSG kaller uro,bråk, strid i/etter årsmøtet som blei halde i mars-18.

9. Valget av nytt styre

Leiar Kåre Hole (valgt for eit år)

Torill Valdersnes (på valg neste år)

Erna Tunsberg Erstad (på valg neste år)

Øyvind Morken (valgt for 2 år)

Edgar Grindheim (valgt for 2 år)

Vara medlemmer

1.vara Sissel Borgund Johannessen (valgt for 1 år)

2.vara Biger Vestheim (valgt for 1 år)

3.vara Thore Johnsen (valgt for 1 år)

Revisorar

Kristen Risnes og Vidar Morken

Desse er valgt for 1 år

Valgkomiteen

1. Svein Haugen

2. Knut Arve Kartveit

3. Elin Morken

Ivar Soltveit går no ut og dei andre rykker opp eit hakk . Elin Morken er ny i valgkomiteen.

Godtgjersla til leiar og kasserar vart foreslått å halde seg uendra.

Styret fekk fullmakt til å velge utsendingar til årsmøtet .

Til slutt hadde vi trekking av ei oppmerksomhet blandt dei frammøtte.

Ivar Soltveit vart vinnaren av ei mineralbøtte frå Felleskjøpet .

Møtet slutt ca 22.10

Etter møtet konstituerte styret seg . Dei vart enige om å halde fram som tidlegare.

Utsendingar til årsmøtet i HSG vart leiaren Kåre Hole og nestleiaren Torill Valdersnes.

